



Meland kommune
Ordfører Øyvind Oddekalv
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/572 - 18/6099

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
20.03.2018

Godkjenning - GBNR 24/58 m.fl. - Løyve til arealoverføring

Administrativt vedtak. Saknr: 71/2018

Tiltakshavar: Meland kommune, IL Kvernbit
Søknadstype: Søknad om løyve til arealoverføring, jf pbl § 20-1 bokstav m

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Ved søknad journalført 23.02.2018 har tiltakshavar søkt om løyve til arealoverføring av om lag 978 m² frå eigedomen gbnr 24/84 og om lag 247 m² frå eigedomen 24/79 til eigedomen gbnr 23/58, jf pbl § 20-1 bokstav m. Arealet er idrettsbane for IL kvernbit. Meland kommune er matrikelregistrert grunneigar av begge eigedomane areala blir overført frå. Bruken av arealet blir ikkje endra.

Det er opplyst i søknaden at ny grense skal flyttast til asfaltkant på parkeringsplassen slik den ligg i dag.

VURDERING:

Nabovarsling:

Søknaden er ikkje nabovarsla. Søknaden inneber ikkje tiltak eller bruksendring som vil ha innverknad på nabointeresser, slik at kommunen meiner det ikkje er grunnlag for å stille krav om nabovarsling, jf pbl § 21-3, 2. ledd

Plangrunnlag:

Omsøkt areal er i Reguleringsplan for Fossemyra Idrettsanlegg, arealplanid 1256 2000 0301, regulert til område for idrettsanlegg.

Frådeling som omsøkt krev etter administrasjonen sin vurdering ikkje dispensasjon.

Vurdering av vilkåra for deling/arealoverføring, jf pbl § 20-1 bokstav (m):

Arealoverføring er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-1 bokstav m. Det er ikkje krav til bruk av ansvarleg føretak, jf 20-1, 3. ledd, siste punktum. Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve). Arealoverføringa inneber heller ikkje at eigedomane blir endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at eigedomane blir ueigna ved framtidig utnytting, jf pbl § 26-1.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og denne blir godkjent som omsøkt, jf vedlagt situasjonsplan journalført motteke 23.02.2018. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 978 m² frå eigedomen gbnr 24/84 og om lag 247 m² frå eigedomen 24/79 til eigedomen gbnr 23/58 i samsvar med søknad journalført 23.02.2018, og som vist på vedlagt situasjonsplan. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Mottakere:

Il Kvernbit
Meland kommune

Fosseskarvegen 4 5918
Ordfører Øyvind 5906
Oddekalv

FREKHAUG
FREKHAUG